



Tingvoll, 12.10.2022

Møre og Romsdal fylke
post@mr.fylke.no

KRAV OM TØMMING AV MERDER OG STOPP AV KONSESJONSHANDSAMING

Vi har gjennom pressa fått vite at Gadus group AS/Sunnmøre torsk AS sitt fiskeanlegg ved Alida i Volda har hatt 2 og etter kvart truleg 3 tilfelle av hol i merdene dei siste par vekene. Det heile blei oppdaga av fiskarar i nærleiken som fekk torsk av lik storleik i fangsten. Driveren av konsesjonen er ordknapp om det heile og bidrar lite til å klårleggje saka for allmenta.

Konsesjonen ved Alida blei klaga på av Naturvernforbundet ved årsskiftet. Då det blei sett ut merder og fisk i påska, før klaga var handsama, sette Naturvernforbundet fram krav om oppsetjande verknad av denne klaga.

Sentralt tema i klaga har vore at viss tam torsk rømmer og får høve til å blande seg med vill torsk, så har det ukjende konsekvensar for kysttorsken.

Sentralt tema ved kravet om oppsetjande verknad gjekk på at rømming før klaga var handsama kunne føre til at konsekvensane av rømming kunne bli ein realitet før ein i klagehandsaminga hadde tatt stilling til desse problemstillingane kring mellom anna rømming.

Sentralt tema i Gadus group AS sine søknader

- torsken var ved avl ikkje lenger interessert i å bryte seg ut av merdene
- merdene var spesielt gode og sikre
- eminent internkontrollsystemet ville hindre rømming

Det ser ut som desse føresetnadene ikkje stemmer.

Vi merker oss også at det eminente HMS-dokumentet ikkje var betre enn at lokale fiskarar oppdaga rømminga før verksemda sjølve visste noko.

Naturvernforbundet krev no:

- **all torsk som Gadus Group har i merdene i Volda og andre stader må takast opp av sjøen no**
- **alle søknader om torsk i merd, som ikkje er komen så langt at det er torsk i sjøen må setjast på vent til ein har fått klårlagt, tatt stilling til og løyst problema som no har kome fram.**

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær